Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding 2017 - Ørsta idrettsråd

Styret i Ørsta idrettsråd 2017:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Siri Dahl Masdal	Vartdal TIL
Kasserar	Kjell Jack Brautaset	Åmdal IL
Skrivar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov	Sæbø IL
1. vara	Eldbjørg Tvergrov	Sæbø IL
2. vara	Kaja W. Øydgard	Sunnmørsk klatreklubb

Revisorar:

Kristin Woldsund	Vartdal TIL
Wenche Flo	Vartdal TIL
Vara: Bente Ørsal	Ørsta IL
Vara: Line Tonheim	Åmdal IL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Vara: Svein Erik Grevsnes	Åmdal IL

Valnemnd:

Margrete H. Øyehaug (leiar)	Ørsta ride- og køyreklubb
Per-Atle Tonheim	Åmdal IL
Magne Jonny Krumsvik	Ørsta IL
Vara: Siw Bjørdal Lillebø	Sæbø IL

Representantar til styret i Ørsta idrettspark AS:

Gunnar Knutsen	Ørsta IL
Vara: Jon Helge Bjørndal	Vartdal TIL

Årsmøtet i 2017 vart halde i VD-hallen (Vartdal) 5.4.2017.
Det var 4 styremøter i Ørsta idrettsråd i løpet av 2017. Mykje av kommunikasjonen i styret er på e-post.
Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 22 medlemslag med til saman 4051 medlemmer. Fire idrettslag mista sin medlemskap i NIF i 2017: Urke IL, Follestaddal IL, Søre Luten Bowlingklubb, Ørsta Bowlingklubb. Medlemstalet samla auka likevel med om lag 100.

Kommunale midlar:

Ørsta kommune tildelte i 2017 kr 50 000 (kr. 100 000 i 2016) i tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg.

Idretten fekk kr. 69 000 i kulturtilskot i 2017 (kr. 80 000 i 2016).

Kr. 100 000 vart overført budsjettmessig internt i kommunen som kompensasjon for gratis bruk av Ørstahallen/gymsalane/symjehallen etter skuletid måndag-fredag. Budsjettdekninga er eigentleg (historisk) som del av det kommunale kulturtilskotet ("kulturmidlane"). Ordninga har vore der frå ca. 1990. Denne interne overføringa er såleis ei form for husleige og ikkje tilskot til drift av gymsalar/idrettshall.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2017 kr. 725 370 (kr. 681 355 i 2016) til fordeling mellom medlemslaga. Dette er ny rekord! Styret gjer denne fordelinga etter NIF sine føringar og ut frå tidlegare tildelingar og opplysningar frå idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta kommune og Ørsta idrettsråd. Samla aksjekapital 6 millionar, der vel 1/3 er idrettsrådet sin andel.
Det er ikkje klart kva oppgåve Ørsta idrettspark AS skal ha framover. Kanskje ei oppgåve i samband med drift av hallen? Hjelpe til med å skaffe inntekter til hallen?
Selskapet har fått inn fleire millionar frå næringslivet. Midlane blir m.a. nytta til idrettsutstyr i fleirbrukshallen. Det blir truleg også naudsynt å bruke midlar til større investeringar som ikkje er med i prosjektet, som; teleskoptribune, store LCD-skjermar, nedsøkkbar trampoline, møblar i vestibyle.

Ny fleirbrukshall i sentrum

Kommunestyret gjorde i 2016 vedtak om å bygge fleirbrukshall på utstillingsplassen i sentrum, tett integrert med stadion. HS Bygg frå Stryn fekk oppdraget med å bygge hallen. I kommunestyremøtet i april 2017 vart kostnadsramma utvida til 190, 4 millionar. Grunnarbeidet starta sommaren -17, klubbhuset til Ørsta IL vart fjerna i oktober.

Det er oppretta ei driftsnemnd for hallen, der leiar i idrettsrådet saman med Gunnar Knutsen (Ørsta idrettspark AS) representerer idretten. Det er tett med møter i driftsnemnda, der ulike løysingar og detaljar vert diskutert.
Fleirbrukshallen blir på nær 8500 m^2. Den får tre speleflater for hallidrettar, klatrehall med vel 15 meter høgde, friidrettsanlegg, styrkerom, treningsrom, 10 garderobar m.m. Ørsta IL får nye klubblokale i andre høgda.
Etter planen skal kommunen overta hallen 7. desember 2018, med full drift truleg eit stykke ut i

januar 2019.

Idrettsanlegg på Vartdal

Det har vore arbeidd for nytt idrettsanlegg på Vartdal i nær 40 år! Seint i 2016 vart det endeleg semje mellom kommunen og grunneigarane om grunnkjøp. Nytt idrettsanlegg kjem ved skulen og VD-hallen.
I første runde vert det bygd kunstgrasbane med lys. Kostnad vel 14 millionar. Servicebygg må kome i eit seinare byggetrinn. Finansieringsplanen vart godkjent i ekstraordinært årsmøte i Vartdal TIL den 4. januar 2018.
Bana skal vere klar til bruk hausten 2018.

Hestesporten

Hestesporten i Ørsta har hatt mellombelse anlegg sidan 1987! I samband med bygging av fleirbrukshallen måtte dei flytte frå utstillingsplassen før sommaren 2017. Dei er no utan anlegg.
Hestesporten har fått lovnad om 20 mål av Mosflata. Kommunen presenterte eit avtaleutkast i mai 2017. Verken hestesporten eller idrettsrådet var nøgd med avtaleutkastet, der var for stor økonomisk risiko for idretten.
I september var det møte mellom kommunen, hestesporten og idrettsrådet. Ulike løysingar for vegen vidare vart diskutert. Etter dette møtet har det skjedd lite.
Kommunen vil opne massedeponi på Mosflata, for å løfte grunnen. Formalitetane rundt dette dreg ut i tid. Oppbygging av grunnen vil gjere det lettare for hestesporten å realisere eit nytt anlegg.
Hestesporten må truleg betale leige for arealet sitt.

Bondalseidet

Det er ønske om meir aktivitet ved Ørsta skisenter også om sommaren. Ørsta sykkelklubb har starta med opparbeiding av anlegg for sti-sykling ved Rekkedal. Dette prosjektet vert flytta til Bondalseidet i 2018.
Opparbeiding av turveg frå skisenteret til Åmskaret er godt i gang.

Kurs

Idrettsrådet arrangerte aktivitetsleiarkurs i april, i samarbeid med idrettskretsen. Det var diverre få med på dette kurset.

Styrearbeidet 2017

I tillegg til styremøter har styret god kommunikasjon gjennom e-post og telefon. Mykje av styrearbeidet var prega av prosessen knytt til fleirbrukshallen.
Skriftlege innspel til kommunen: Idrettsanlegg på Mosflata, rammer for idretten. Hestesport på Mosflata, for mykje usikkert i avtaleutkastet. Prosessen rundt tilsetting av dagleg leiar for Ørstahallen.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Representasjon

Erlend møtte i generalforsamling i Ørsta idrettspark AS.
Erlend møtte i driftsnemnda for fleirbrukshallen.
Tone, Silje og Siri deltok på sonemøte for idrettsråd i Ulsteinvik.

Status for idretten i Ørsta

Det er stabile medlemstal for idretten i Ørsta kommune. Her er mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Den største idretten er fotball.

Svært mange born er med i idretten. Det er vel rett å seie at i Ørsta kommune har vi størst fokus på breiddeidrett. Men også fleire tenåringar finn glede i å satse vidare på idretten sin. ØIL friidrett har t.d. større ungdomsgruppe enn på mange år.

Det går rette vegen når det gjeld anlegg:
Den nye fleirbrukshallen vil gi betre rammer for hall-idrettane, og vil gi oppstart av nye idrettar i Ørsta. Handballen gjer seg klar for større satsing.
På Vartdal blir det fotball på kunstgras frå hausten 2018.
På Mosflata er det god plass til nye idrettsanlegg, når rammene er gode nok. Hestesporten vil vekse med nytt og større sentrumsnært anlegg.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer endå betre rammer for idretten i kommunen.

Avslutning

Styret i Ørsta idrettsråd ønskjer med dette å takke for samarbeidet med medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Vi vil også takke næringslivet for den gode støtta til idretten, og Møre-Nytt som skriv mykje godt om idretten i kommunen.

Ørsta, 16. mai 2018

Erlend Andersen
leiar

Siri Dahl Masdal
nestleiar

Kjell Jack Brautaset
kasserar

Tone Jøssang
skrivar

Silje Aune Tvergrov
styremedlem